



Breisete naturreservat



Forvaltningsplan godkjend mai 2023



**Statsforvaltaren
i Vestland**

Godkjent FVP

Innledning

Breisete (VV00003420)

Godkjent av	Statsforvaltaren i Vestland
Oppstartsdato	22.03.2022
Planlagt revisjon	
Sametingskonsultasjon	
Godkjent dato	15.05.2023
Høringsdato	15.03.2023

ephorte saksnummer	2022/3892
Forvaltningsmyndighet	Statsforvalteren i Vestland
Forvaltningsmyndighetstype	Statsforvalter
Oppsyn	Statens naturoppsyn
Fylker	Vestland
Kommuner	Sogndal
Verneform	naturreservat
Verneplan	Skogvern
Vernet dato	22.06.2018

Om forvaltningsplanen

Breisete naturreservat vart oppretta 22.06.2018 etter prosessen for frivillig skogvern. "Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med sitt biologiske og geologiske mangfald, som representerer ein bestemt type natur i form av eit stort og lite rørt skogområde med eit stort mangfald av skogs- og vegetasjonstypar, der større delar har urskogprega skog. Området inneheld mykje daut ved. Målet er å ta vare på området i mest mogleg naturleg tilstand, med stadeigne artar og naturtypar, fugle- og dyreliv, og skogdynamikk styrt av naturlege prosessar." (verneforskrifta § 1). Forvaltningsplanen skal vere eit hjelpemiddel for å oppretthalde verneformålet og for å fremje verneverdiane. Forvaltningsplanen er utarbeidd innanfor rammene i gjeldande verneforskrift slik at forvaltninga vert meir føreseieleg. Planen skal også fungere som rettleiar for

forvaltningsstyresmaktene og skildre saksbehandlingsrutinar. Forvaltningsplanen er ikkje eit juridisk bindande dokument, men skal avklare handtering av verne- og brukarinteresser.

Forvaltningsmyndighetens oppgave

Statsforvaltaren (fram til 1.1.2021 Fylkesmannen) i Vestland er forvaltningsstyresmakt i naturreservatet. Søknader om løyve og dispensasjonar for verneforskrifta skal sendast høvesvis Statsforvaltaren i Vestland. Forvaltningsstyresmaktene kan setje i gang oppsyn, overvaking eller tiltak i området. Aktuelle aktørar for utføring av forvaltningstiltak er Statens naturoppsyn (SNO) og eventuelle eksterne aktørar som forvaltningsstyresmaktene har ein avtale med. Statens naturoppsyn (SNO) har oppsyn i området.

Tilleggsopplysninger

Heile naturreservatet ligg i Sogndal kommune. Sogndal kommune forvaltar m.a. plan- og bygningslova og lov om motorferdsel i utmark, i området. Høgdegradienten i naturreservatet går frå ca. 560 moh til ca. 920 moh.

Områdefakta

Landareal (daa)	8003
Sjøareal (daa)	Nei
IUCN-status	IUCN_IA
Ramsar-status	
Emerald-status	

Natur

Naturtyper beskrivelse

Breisetete naturreservat femner om innte delen av Breisetedalen og vestsida av Store Haugmelen som er 1172 m høgt. Naturreservatet har ein høgdegradient frå ca. 560 moh til 920 moh. Området er topografisk sett variert og består av bratte skogkledde lier, kuperte åser, dalar, store og små vann og flate områdr. Skog med dominans av furu og bjørk dominerer arealmessig. Det er noko innslag av osp og gran. Ein stor del av skogen har høg alder og dei største naturverdiane finst her. Skogen rundt setrene er yngre og prega av at dei er i ein gjengroingsfase på grunn av redusert beitetrykk. Skogen i området viser stor variasjon i alder, og i områda med dominans av furu er trea truleg 200 til 300 år gamle og enkelte tre truleg eldre. Området har mykje gamal skog. I områda kring Breisetete er ein del av bjørketrea relativt unge, prega av gjengroing etter redusert beitepress. Samla sett er det mykje daud ved og mange førekomstar av læger og gadd av både bjørk og furu. Soppfloraen er representativ for den gamle vestnorske blåbærskogen som er godt utvikla i Kaupangerregionen, men som er lite studert. Det er registrert tre kjerneområde for viktige naturtypelokalitetar. • Breisetete (gamal barskog, utforming gamal furuskog, 712 da, A-verdi) • Vassløysa (Gamal barskog, utforming gamal furuskog, Areal 110 da, B-verdi) • Dalaker-vasstak (Gamal furuskog, utforming gamal furuskog, areal 280 da, B-verdi) Det er eit tynt morenedekke over berggrunnen (anortositt), og elles nokre område med bart fjell.

Arter beskrivelse

Skogområda vert dominert av fattige vegetasjonstypar og området er generelt artsfattig. Av treslag er det registrert furu, bjørk, osp, samt nokre rogn og seljetre. Også nokre grantre som ikkje er planta, men som har sama form som gran i Luster Almenning naturreservat. I blåbærskogen er det registrert vanlege artar for vegetasjonstypen som blåbær, røsslyng, blokkebær, krekling, smyle, vintergrønn- artar, bjønnekam, einstape, tepperot, skogstjerne, fjellmarikåpe og linnea. Lungensamfunnet er dårleg utvikla med kun nokre vanlege artar på osp som glattvrenge, grynvenge, stiftfiltlav og stiftglye. Av andre artar som er registgrert på osp kan nemnast ospeorangselav og duskbusthette. Det blei registrert mykje knappenåslavar på daud ved av furu. Av registrert artar kan nemnast blanknål (NT), fausklav, tyriskjell, gullringnål, skjellnål, kvtringnål og Mycocalicium subtile s.lat. På daud ved blei det og registrert melskjell, Micarea lignaria, vanleg kvistlav, stubbestav, piggstry, flokeskjegg. Det var lite sopp i området da befaringa vart utført (2016), men tidspunktet for registrering var truleg litt for seint for denne artsgruppa. Potensialet for ytterlegare funn av sjeldne og raudlista sopp og knappenåslav vert rekna for stort, spesielt på daud ved (frå Rådgivende Biologer rapport 2459, oversett til nynorsk) Breisetete naturreservat er viktig levestad for skogsfugl, både orrfugl og storfugl, og for hjort. Ørn er også observert i området. «Naturreservatets verdier ligger fremfor alt i forekomstene av gammel skog, herunder særlig gammel furuskog, til dels med naturskogspreg. Spesielt vest og nordvest for Breisetevatnet er det spredt med 10 nokså grove, eldgamle furutrær, samt kelogadd og læger. Slike gammelskogselementer finnes også nord, øst og sør for Breisetevatnet, men her oftest med større avstand eller som enkeltforekomster i normalskog. Det ble funnet flere rødlistede arter, deriblant noen få funn av rotnål (NT) på kelogadd, blanknål (NT) (flere) og furuplett (NT) på død ved av furu, og furustokkjuke (NT) og gubbeskjegg (NT) på gamle, levende furutre. Det finnes også gammel boreal lauvskog, til dels med en god del bjørkelæger og naturskogspreg, i de høyereliggende deler av liene vest og nord for Breisetevatnet. Her ble det registrert et rognetre med 195 cm i omkrets i brysthøyde ved skoggrensa på 890 moh, og litt lenger ned 800 moh ble det funnet et rognetre med hele 210 cm i omkrets. Også et seljetre på 150 cm og bjørketrær med opptil 172 cm i omkrets ble observert i nærheten». (Miljøfaglig Utredning 2022) Det er også registrerte enkelte store og gamle grantre av same utforming som grantrea i Luster Vestre statsalmenning naturreservat (tidlegare var ein mindre

del verna der grantrea står verna som Skogateigen naturreservat). Desse grantrea har kome naturleg til Breiseteområdet, og skil seg i form markant i forma frå norsk gran som er planta på Vestlandet.

Rødlistearter beskrivelse

Blanknål *Calicium denigratum* (NT), rotnål (NT) på kelogadd, blanknål (NT) (flere) og furuplett (NT) på død ved av furu, og furustokkjuke (NT) og gubbeskjegg (NT). Gjøk *Cuculus canorus* er i området (NT). Raudstilk (NT), og heilo (NT) ved Helebrandseggi og ovafor Breisetestølen.

Geologi beskrivelse

Området ligg nord for Kaupanger og på vestsida av Store Haugmelen og Helebrandseggi, i Sogndal kommune. Berggrunnen består av anortositt, dvs. av harde og fattige bergartar som høyrer til "Jotunskyvedekket", men rikare område førekjem i forseinkingar påverka av sigevatn. Elles er det nokre område med bart fjell.

Klimaendring

Klimaendringar kan føre til at området veks til med meir skog og annan vegetasjon.

Annen negativ påvirkning

Terrengsykling, fotturar og friluftsliv og bålbrekking kan gi slitasje på enkelte stiar i området. Bruk av uttak av greiner og tre som vert brukt til bål føre til skade på særleg gamle tre.

Tilleggsopplysninger

Det går ein grusveg frå Dalaker (P-plass) og Goro til Breisetedammen/vatnet, og denne vert brukt til fotturar og sykkelturar om sommaren, og skiturar om vinteren. Det er også fleire godt brukte stiar inne i og like utanfor naturreservat som vert mykje brukt. Breisetevatnet (også kalla Breisetedammen) er drikkevatt for Sogndal. Sjølve damanlegget ligg utanfor naturreservatet. At Breisetevatnet er drikkevasskjelde for Sogndal inneber at det renn lite vatn nedstrøms Breisetevatnet.

Bruk og historikk

Eierstruktur

Breisete naturreservat består av delar av gnr/bnr 105/2. Eigar er Nils Joachim Knagenhjelm.

Verneprosess

Breisete naturreservat vart oppretta etter vanleg offentleg høyring gjennom ordninga med frivillig skogvern, med vedtak i kgl.res. 22.06.2018.

Restriksjonsområder

Terrengsykling er forbode i naturreservatet med unntak av stiar som er vist på vernekartet. Stiar som er viste på vernekartet er - frå Dalaker til Vardahei - frå grusvegen inn til Breisetvatnet (Budeiesvaet) opp til stølen Vassløysa - stien mellom Breisete og Vassløysa - \stien frå Vardahei mot sør til Hungershaug. Ein viktig innfallsport er grusvegen til Breisetevatnet/dammen. Her kan ein sykle inn til Breisetedammen og vidare til stølen Breisete som ligg utanfor naturreservatet, men omkransa av det Breisetevatnet/dammen er drikkekjelde for Sogndal og Kaupanger, noko som gjer det uheldig med ureining av vatnet, t.d. frå folk som slår telteir og overnattar nær vatnet. Sogndal kommune har difor lagt ned forbod mot telting i nedslagsområdet til vatnet.

Vernegrense

Grensa for naturreservatet går fram av vernekartet. Knekkpunkta i grensene for naturreservatet var ikkje merkte pr. april 2023.

Det er sett opp naturreservatskilt der dei mest brukte stiane kryssar grensa for naturreservatet.

Brukshistorie

Det har vore lite skogsdrift i området. I «gamle dagar» var det noko plukkhogst. Området har vore og er framleis mykje nytta til jakt og til bærplukking.

Landbruk

Det er i dag beiting av storfe og sau i området. For stølen Vassløysa er hovudbeiteområdet kring Vatnasete, Heggerummane og Breisetmarki, og dei siste åra er det sleppt ca. 50 storfe og ca 500 sau og det er etablert ca. 10 faste stader for saltstein. Stølane Øydestølen, Breisete, Vassløysa og Vatnasete ligg like utanfor naturreservatet. Stølsdrifta vart nedlagd på 1950-talet; lengst var det stølsdrift på Vassløysa.

Reindrift

Det er ikkje reindrift i området.

Friluftsliv

Barmarksesong:

Den mest brukte og populære fotturen i naturreservatet går til Vardahei 895 moh frå ein P-plass ved Dalaker, ein tur på 1-1,5 timar. Mange sykklar og går på grusvegen til Breisetedammen. Det er fleire merkte stiar i området, m.a. frå Breisete til Vassløysa, frå Vassløysa til Vardahei og frå Vardahei om stølen Hungershaug til Dalaker. Den gamle stien mellom Øydestølen og Breisete viser lite att i terrenget er lagt ned som merkt sti. Kaupanger Idrettslag har ein avtale med grunneigar om merking av stiar på Kaupanger som då også gjeld Breisete naturreservat. Blant punkta i avtalen er at dei skal informere grunneigar på førehand og følge DNT sin merkeinstruks. Store Haugmelen er eit attraktivt toppurtmål om sommaren.

Sykling er populært på grusvegen til Breisetedammen (utanfor naturreservatet), og på stien frå Vardahei til Dalaker.

Vintersesong:

På ski er det særleg skiturane inn til Breisetevatnet/Breisete og til Vassløysa og Store Haugmelen 1172 moh som er populære. Mange går fottur til Vardahei 895 moh også om vinteren når det er snødekke.

Jakt og Fiske

Det er hjortejakt i Breisete naturreservat, for ein stor del som jaktturisme i regi av eigar, dvs. Kaupanger Hovedgård. Hjortejakta er ein viktig næringsveg for Kaupanger Hovedgård. Hjortejakta skjer stort sett til tider på døgnnet då det ikkje vert drive friluftslivaktivitetar.

Reiseliv

Området vert ikkje brukt i reiselivsamanheng med unntak av til jaktturisme.

Forskning og undervisning

Naturreservatet vert i liten grad nytta til forskning. Det er gjort naturfaglege registreringar i samband med verneprosessen (Rådgivende Biologer 2016) og av Miljøfaglig Utredning i 2021. Området vert nytta av Høgskulen på Vestlandet og Sogndal Folkehøgskule til undervisning i friluftsliv.

Kulturminner

Kulturminne: Det er ikkje registrert særskilte kulturminne i naturreservatet. Nyare kulturlandskap: Det er ikkje registrert nyare kulturlandskap av særskilt interesse i naturreservatet. Stølane like utanfor har kulturhistorisk verdi.

Bygg og Installasjoner

Det er ingen bygningar i naturreservatet. På stølane Øydestølen, Breisete, Vassløysa og Vatnasete (alle utanfor) er det fleire (eldre og nyare) sel og andre bygningar, og fleire av dei er registrerte i SEFRAK-registeret for verneverdige bygningar.

Infrastruktur

Det er ein privat grusveg (skogsveg og anleggsveg) frå Dalaker/Goro og fram til Breisetevatnet/dammen. Vegen er stengd (med bom) for køyring med bil for ålmenta. Vegen gjer store delar av naturreservatet lett tilgjengeleg som sykkel- og turveg. Vegbommen står ved Dalaker. Det er ein eigen bom på grusvegen også ved Budeiesvaet, der stien/traktorløypa til Vassløysa og Vatnasete tek av frå grusvegen. Frå Breisetedammen til går ein enkel traktorveg Breisete, og frå Budeiesvaet går ein sti/traktorløype til Vassløysa og til Vatnasete. Det er fleire merkte stiar i naturreservatet, sjå vernekartet.

Motorferdsel

Det er lite motorferdsel i naturreservatet. Bruksrettshavarane på Vatnasete er avhengige av den enkle traktorvegen til Vatnasete og demninga her for å vedlikehalde denne. Bruksrettsharane på stølane Vassløysa og Vatnasete er avhengige av å kunne bruke traktor på traktorvegane hit i samband med beiting og vedlikehald av sela og m.a. gjerda her. Motorferdsel i samband med landbruksaktivitet har unntak i verneforskrifta, medan motorferdsel i samband med vedlikehald av sel o.l. må ha løyve. Dersom det er årvisse behov, kan det vere aktuelt å gi fleirårig løyve til motorferdsel for bruksrettshavarane.

Forvaltning

Innledning

Statsforvaltaren i Vestland har forvaltningsansvaret for Breisete naturreservat. Naturreservatet skal forvaltast i tråd med verneforskrifta. Verneforskrifta inneheld reglar om kva som er forbode, kva for unntak som likevel gjeld, og tiltak og aktivitetar som det søkjast om etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane. Andre søknader om unntak frå vernereglane skal handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova jf § 8 i verneforskrifta: «Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldlova § 48». I naturmangfaldlova § 48 heiter det vidare: «I avveiningen mellom øvrige vesentlege samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særleg legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.»

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 vert lagt til grunn som retningslinjer for handsaming av alle dispensasjonssaker. **Tiltaksplan** Det er ikkje utarbeidd eigen tiltaksplan for naturreservatet. Ein slik plan er ikkje naudsynt i og med det er eit mål at naturen skal utvikle seg på eige hand, og ein skal difor ikkje skal gjere tiltak unødvendig i området. **Skjøtselsplan** Det er ikkje behov for skjøtsel i naturreservatet utover at det er eit mål å fjerne all planta gran i området. Naturleg innvandra gran skal ikkje fellast (lett attkjenneleg ut frå alder og form på trea). Statsforvaltaren vil følgje med på om ferdsl (gåande og syklistar) medfører slitasje på stiane, og iverksette tiltak på stiane dersom det viser seg naudsynt. **Besøksforvaltning** Statsforvaltaren har laga ein enkel besøksforvaltningsplan for Breisete naturreservat. Denne tek utgangspunkt i arbeidet med informasjonsplakat for naturreservatet. Informasjonstavle vil bli plassert ved P-plassen ved Dalaker, der ein skogsveg inn til Breisetedammen/Breisete startar. I tillegg vert det sett opp ein informasjonsplakat ved Budeiesvaet der traktorløypa til Vassløysa og Vatnasete tek av frå grusvegen til Breisetedammen. **Tilrettelegging:** Tilrettelegging i naturreservatet at fleire stiar som er samanbundne i eit stinett, og er merkte. Dei heng også saman med stiar utanfor naturreservatet. Den tydelegaste stien i naturreservatet, som også er mest brukt, er frå P-plassen ved Dalaker til varden på Vardahei 895 (sjå vernekartet).

Skjøtselsplan

Ikke behov for plan

Besøksforvaltning

Plan utarbeidet og ligger som vedlegg

Forvaltningsutfordringer

Dei viktigaste forvaltningsutfordringane er:

- planta gran som spreier seg frå plantefelt like utanfor
- Uttak av levande og daude greiner og tre som vert brukt til å lage bål i naturreservatet - Unødvendig slitasje i naturreservatet kan verte ei utfordring, m.a. frå terrengsykling og fotturistar. Særleg viktig er den merkte stien opp til Vardahei, som er den klart mest brukte stien
- Å unngå telting og opphald som kan føre til ureining i Breisetevatnet (Vatnet er drikkekjelde for Sogndal. Kommunen har lagt ned forbod mot telting i nedslagsfeltet til Breisetedammen).
- Unødvendig slitasje i nataurreservatet kan verte ei utfordring, som frå terrengsykling og friluftsliv. Ferdsla er i stor grad kanalisert til dei merkte stiane i naturreservatet
- Informasjon og besøksforvaltning (sjå vedlegg):

Statsforvaltaren har laga ein enkel besøksforvaltningsplan for Breisete naturreservat. Denne tek utgangspunkt i arbeidet med informasjonsplakatar som er sette opp i starten for den merkte stien til Vardhei, og ved Budeiesvaet der stien til Vassløysa tek av frå grusvegen til Breisetedammen. Dette er dei mest populære tuområda i naturreservatet.

Naturmangfoldloven

Verneforskrifta for Breisete naturreservat er frå 2018, og ho er oppdatert i forhold til situasjonen i dag og utfordringane ein har. Det er såleis ikkje behov for oppdatering av verneforskrifta. Tekniske inngrep (verneforskrifta § 3) Landskapet og vegetasjonen, ikkje minst skogen, i Breisete er sårbart for nye inngrep. Eventuelle nye inngrep vil syne godt. Det vil m.a.o. vere ein streng praksis på inngrep i naturreservatet.

Verneforskrift URL

<https://lovdata.no/forskrift/2018-06-22-967>

Sentrale føringer

Den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfoldlova § 48: Naturmangfoldlova § 48 gir forvaltningsstyresmakta heimel til å gi dispensasjon frå verneforskrifta i tre alternative tilfelle: dersom det ikkje strir mot verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, dersom tryggleikssyn gjer det nødvendig, eller dersom vesentlege samfunnsomsyn gjer det nødvendig. Førsegna skal vere ein tryggleiksventil for tiltak ein ikkje kunne føresjå, eller spesielle/særskilde tilfelle som ikkje blei vurderte på vernetidspunktet. Første alternativ dekkjer tilfelle der verneformål og verneverdiar toler enkeltståande avvik frå verneføresegnene, og er i utgangspunktet meint for bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyrringar. Dispensasjonsføresegna i § 48 er ein kanregel. Det vil seie at sjølv om vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylte, er det ingen som har krav på dispensasjon. Det er nødvendig med ei breiare vurdering av om ein bør gi dispensasjon. Meir informasjon: Rundskriv frå Miljødirektoratet om forvaltning av verneforskrifter, kapittel 7:

Forvaltningsmyndighetens retningslinjer

Id	Tema	Forskriftreferanse	Forvaltningsmyndighetens retningslinje
1	Inngrep	§ 3c og §4 i, j, n, o, p	<p>Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre naturmiljøet, og inngrep er såleis forbode. Vedlikehald av eksisterande bygningar, gapahukar, jakttårn, stiar, turpostar, bruer og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet er tillate. Eksisterande (traktor)vegar er avmerkt på vernekartet (verneforskrifta § 4 i, p.). Breisetevatnet er eit oppdemma vatn som er vassskjelde for Sogndal, kan driftast og vedlikehaldast (verneforskrifta § 4 o,p). Sjølve demninga og grusvegen hit ligg utanfor naturreservatet. Landskapet og vegetasjonen, ikkje minst skogen, i Breisete naturreservat er sårbart for nye inngrep. Eventuelle nye inngrep vil difor syne godt. Det vil såleis vere ein streng praksis på nye inngrep i naturreservatet.</p>
2	Motorferdsel	§ 5a, § 6a-e, § 7i,j,k,l,m	<p>Motorferdsel er forbode i naturreservatet. Naudsynt motorferdsel til nokre føremål m.a. uttransport av sjuke beitedyr og for uttransport av felt elg og hjort er tillate. Motorferdsel for tilsyn med beitedyr er tillate på traktorveg til Vassløysa.</p> <p>Kaupanger Hovedgård ber om at det vert opna for køyring med fire-hjuling får å ta ut vilt innafør naturreservata på bakgrunn av at hjortejakt er viktig næring for dei. Slik køyring må skje med omsyn til dei store naturverdiane som er kartlagd innafør områda. For Kaupanger Hovedgård er det viktig at køyring skjer med stor aktsemd av di vi ynskjer at egedomen skal stå fram som mest mogleg urørt/ naturleg. I verneforskrifta § 6c står det «Naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor eller lett terrengkøyretøy på eksisterande traktorvegar vist på vernekartet.» Anna køyretøy som 4-hjuling for utfrakt av hjort må ha søkjast om. Slik køyring har Kaupanger Hovedgård behov for frå tid til annan, nokre få turar i året. Dei må då søkje om dette. Oppkøyring av skiløype frå Breisetevatnet og ned til Lomstjønni er tillate jf verneforskrifta § 6e, men er ikkje gjennomført dei siste åra.</p> <p>Naudsynt motorferdsel på traktorveg til Vassløysa for tilsyn av beitedyr og utkøyring av saltstein og liknande i landbruksnæring er tillate. For køyring av</p>

			<p>materialar og utstyr til gjerde, vedlikehald av stølshus m.m. til stølane Vassløysa og Vatnasete og for vedlikehald av dammen på Vatnasete må det søkjast om løyve. Når det er årlege og naudsynte formål er det aktuelt å gi fleirårig løyve.</p> <p>Statsforvaltaren meiner motorferdsla i naturreservatet er på eit akseptabelt nivå, og den skjer stort sett i etablerte trasear. Statsforvaltaren vil løpande vurdere eventuelle søknader, og samstundes følgje med på motorferdsla som skjer.</p>
3	Landbruk	§ 4a	<p>Det er noko landbruksaktivitet med beiting i naturreservatet. Beiting er tillate, og omfanget har vore på om lag same nivå sidan starten på 2000-talet. Omfanget av beiting vert vurdert som ekstensivt (Miljøfaglig Utredning 2022). Husdyrbeite i dagens omfang er ikkje trussel for artsmangfaldet knytt til furutre. (Miljøfaglig Utredning skriv at hjortegnag kan føre til skade på boreale lauvtre som rogn (Miljøfaglig Utredning 2022)). For Kaupanger Hovedgård og dei som har sel på Vassløysa og Breisete er det viktig at dei kan ta ut småtre til ved innafor naturreservata (jf. forskrift for naturreservata med omsyn til krav til storleik). Dei ber difor om at dette vert vidareført og ev. konkretisert om det er naudsynt i forvaltingsplanen. Dette går fram av § 4q i verneforskrifta. Sjå Tema 7 Vedhogst om dette. Statsforvaltaren meiner at landbruksaktiviteten ikkje er til skade for naturverdiane i naturreservatet, og for stølsvollane utanfor er beiting positivt. Statsforvaltaren vil følgje med på utviklinga.</p>
4	Friluftsliv	§ 4j, 4n	<p>Breisete naturreservat med tilgrensande område er populært for friluftsliv heile året. Særleg populært er fotturar, skiturar og terrengsykling. Innfallsporten til Breisete naturreservat er P-plassen ved Dalaker (som vart utvida i 2020), der skogsvegen er stengd med vegbom sommar og vinter (før 2018 var det om vinteren P-plass på Goro). Det meste av turane skjer på/langs eksisterande grusvegar og merkte stiar, både sommar og vinter. Med eit godt stinett er det ikkje behov for merking av nye stiar.</p> <p>Sykling i naturreservatet er tillate på traktorløyper til Vassløysa og Vatnasete, og på følgjande stiar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - mellom Vassløysa og Vatnasete - frå Vardahei i retning P-plass på Dalaker - på stien frå Vardahei sørover til Hungershaug. <p>Det er også tillate å sykle på grusvegar utanfor naturreservatet, og dei fungerer som tilførselsvegar, som grusvegen til Breisetedammen</p> <p>Informasjonsplakaten om Breisete naturreservat</p>

viser kva for stiar og traktorløyper det er tillate å sykle. Det er sett opp eigne skilt om forbod mot sykling på enkelte lite synlege stiar og dyretråkk, som stien under Helebrandseggi og den umerkte stien mellom Øydestølen og Breisete. Sogn Terrenghus har, der stiar som vert mykje brukt til sykling startar, sett opp eigne plakatar om korleis dei ønskjer syklistar skal oppføre seg i området for å ta omsyn til natur, dyreliv og folk. Plakaten deira er sett opp m.a. på P-plassen ved Dalaker. El-sykkel er ikkje tillate i naturreservatet fordi allemannsretten i friluftslova gjeld ikkje når sykkelen har hjelpemotor; retten til fri ferdsel med sykkel er avgrensa til tråsykkel. Statsforvaltaren vil følgje med på om ferdsel (gåande og syklistar) medfører slitasje på stiane, og iverksette tiltak på stiane dersom det viser seg naudsynt.

Merking og rydding av eksisterande stiar og skiløyper er tillate i samsvar med forvaltningsplan (verneforskrifta § j). Det er og tillate med rydding av stiar i samsvar med forvaltningsplan for ferdsel og sanking av beitedyr (verneforskrifta § 4 m). Løyve til merking gjeld følgjande traktorløyper/stiar: – frå Budeiesvaet til Vassløysa og Vatnasete - mellom Vassløysa og Vatnasete - frå Vardahei i retning P-plass på Dalaker - på stien frå Vardahei sørover til Hungershaug. Kaupanger Idrettslag har ein avtale med grunneigar om merking av stiar på Kaupanger som då også gjeld Breisete naturreservat. Blant punkta er at dei skal informere grunneigar på førehand og følgje DNT sin merkeinstruks. Statsforvaltaren meiner det er viktig at DNT sin merkeinstruks vert følgt med omsyn til m.a. raudfarge og kor merka står (t.d. ikkje på jordfast stein). Det er ikkje aktuelt å merke nye stiar i naturreservatet pr. i dag.

Sanking av bær og matsopp er ein viktig del av haustingsfriluftslivet. Kaupanger og Breisete er populært for hausting av særleg blåbær og tyttebær, og matsopp.

Tidlegare år (medan det var parkering ved Goro om vinteren) vart det køyrd skiløype (rundløype) frå Goro til Breisetedammen forbi Lomstjønni og ned grusvegen tilbake.

Statsforvaltaren meiner at utøving av friluftsliv i Breisete naturreservat skjer på ein slik måte at det ikkje er til nemneverdig skade for verneverdiane, men vil følgje med på at friluftslivaktivitetane ikkje fører til naturskade.

5	Bålbrenning, telting og leirslåing	§ 3e, § 4c, § 4 k	<p>Bålbrenning er forbode, men bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller ved ein bringer med seg er tillate, etter retningslinjer i forvaltningsplan. I Norge er det også eit generelt bålforbod frå 15. april til 15. september. Bålbrenning skal skje på stader som går fram av forvaltningsplanen. Forbodet mot bålbrenning kan vere ei utfordring både på dagsturar og på telting.</p> <p>Det vil vere svært uheldig om daud ved/greinar på levande og daude tre vert saga ned og brukt i samband med bålbrenning. Rapporten frå Miljøfaglig Utredning (nr. 10-2022) peikar på at store verdjar i naturreservatet er knytt til vedbuande sopp på daud ved av furu. Fleire vedbuande sopp har mycel i marka, og profiterer av daude furukvistar på bakken for spreing. Det vil vere ei føremon for artsmangfaldet å avgrense bruken av kvistar for bålbrenning frå boreale lauvtre som bjørk. Dersom ein ikkje har med seg eigen ved, bør ein såleis nytte tørre kvistar på bakken frå furu og ikkje andre treslag. Ut frå omfanget av bålbrenning, er det ei avveging om ein skal peike ut faste bålplassar i naturreservatet. Statsforvaltaren meiner at omfanget av bålbrenning ikkje er store, og at det ikkje går utover nemneverdig utover naturverdiane i naturreservatet. Dei mest brukte faste bålplassarane ligg (like) utanfor naturreservatet. Kring Breisetvatnet er det ikkje lov med bål fordi vatnet er drikkevasskjelde for Sogndal, og her er det heller ikkje lov å telte. Det vert tent opp bål frå tid til annan innanfor, men omfanget er ikkje større enn at naturen tek over igjen. Også kring Breisetvatnet vert det frå tid til annan tent bål, og naturoppsynet bør følgje med på situasjonen. Omfanget av bålbrenning må følgjast for å vurdere om ein skal setje i verk tiltak som faste bålplassar.</p> <p>Telting er tillate i naturreservatet. Det er ikkje uvanleg å tenne bål når ein er på telttur. Sjølv om bålbrenning er forbode, er likevel bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller ved som ein bringer med seg, tillate. Sogndal Folkehøgskule og Høgskulen på Vestlandet, som er på tur med grupper i området, må nytte daude greiner på bakken og bør helst ta med seg ved når dei er på tur i området.</p> <p>Omfanget av bålbrenning i naturreservatet er etter Statsforvaltaren sitt syn ikkje større enn at det ikkje er aktuelt å styre dette utover at telting og bålbrenning kring Breisetedammen må unngåast (jf kommunen sitt forbod pga drikkevasskjelde), og at</p>
---	------------------------------------	-------------------	---

			<p>ein må følgje med på at det ikkje vert brukt greiner frå levande og daude tre til bål (sjå om bål lenger ned i dokumentet).</p> <p>Statsforvaltaren i samarbeid med SNO vil følgje med på omfanget av bålbrenning og telting og om det seinare kan vere naudsynt å innføre tiltak som t.d. faste bålplassar. Sogndal Folkehøgskule og Høgskulen på Vestlandet skal informerast om reglane som gjeld for bålbrenning.</p>
6	Jakt og fiske	§ 4 d, e, f	<p>Jakt og fangst er tillate i samsvar med gjeldande lovverk. Det er tillate med oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn, og rydding av skotfelt ved jaktpostar slik at feltet har siktzone fri for vegetasjon, jf verneforskrifta § 4f. Dette er viktig for Kaupanger Hovedgård sjølv om det er lite brukt, i og med hjortejakta er ein viktig næringsveg for dei. Utfrakt av felt hjort kan skje til ved at kjøtet vert bore ut til fots, med kløvhest eller med lett beltekøyretøy. Å nytte anna køyretøy som 4-hjuling må det søkjast om. (sjå eige avsnitt om motorferdsel) Det er fisk (aure) i Svartetjønn i naturreservatet, og det er noko fisking her.</p> <p>Statsforvaltaren og Statens naturoppsyn (SNO) vil halde seg oppdatert om jakt (inkludert mobile jakttårn) og fiske i naturreservatet gjennom det vanlege jakt- og fiskeoppsynet og i kontakt med grunneigar.</p>
7	Vedhogst	§ 3a, § 4 q	<p>Vegetasjonen medrekna daude buskar og tre er verna mot skade og øydelegging, noko som medfører at all hogst, også til ved er forbode. Ved til bruk på stølar: Det er unntak frå hogstforbodet ved at det er lov å felle tre med mindre diameter enn 20 cm til bruk som ved å stølane Breisete og Vassløysa, dersom det skjer i samsvar med forvaltningsplan. I praksis vil dette innebere at tre skal takast ut kring og først i nærleiken av stølsvollen, for å hindre at vollen gror att. Statsforvaltaren gjer framlegg om at dette gjeld inntil 50 meter frå vernegrensa inn i naturreservatet, kring stølsvollane på Vassløysa og Breisete, og langs vegen til Breisetedammen. Rapporten til Miljøfaglig Utredning (nr. 10-2022) peikar på at store verdiar i naturreservatet er knytt til vedbuande sopp på daud ved av furu. Fleire vedbuande sopp har mycel i marka, og profiterer av daude furukvistar på bakken for spreining. Daude furutre og daude kvistar på bakken bør difor få stå/liggje.</p>

			Statsforvaltaren meiner at ei frisione for hogst av tre <20 cm diameter bør gjelde inntil 50 meter frå vernegrensa inn i naturreservatet, kring stølsvollane på Vassløysa og Breisete, og langs vegen til Breisetedammen. Vi eller Statens naturoposyn vil gå gjennom denne avgrensinga i felt med grunneigar og rettshavarar.
8	Reiseliv	§ 7g	Området er i dag ikkje i bruk i reiselivet med unntak av hjortejaktturisme. Det er lovleg å drive reiseliv innanfor reglane som følgjer av verneforskrifta. I tillegg kan det gjevast løyve til bruk av naturreservatet i miljøbasert reiseliv etter plan godkjend av forvaltningsstyresmakta. Reiseliv er ikkje eit problem i naturreservatet no, og det er difor ikkje å lage ein slik plan med den reiselivsaktiviteten, dvs. hjortturismen, som er no.
9	Avfall	§ 3a	Vi er ikkje kjend med at det er forskning i Breisete naturreservat. Forsking må utøvast i tråd med vernereglane. Naturreservatet vert brukt til undervisning i friluftsliv både av Høgskulen Vestlandet (avdeling Sogndal) og Sogndal Folkehøgskule, både til dagsturar og overnattingsturar. Det er viktig at undervisning i friluftsliv med telting og bålrensing skjer i tråd med vernereglane. Statsforvaltaren vil vere positiv til forskning som ikkje går utover naturverdiane, og ha dialog med Høgskulen i Vestlandet og Sogndal Folkehøgskule dersom det er naudsynt når det gjeld undervisninga i friluftsliv.
10	Avfall	§ 3	Statsforvaltaren er ikkje kjend med avfallsproblem i naturreservatet. Den mest sannsynlege staden for at det kan oppstå avfallsproblem er langs grusvegen til Breisetedammen. Kaupanger Idrettslag har i avtalen med grunneigar om merking av stiar ansvar for å følgje med på eventuell forsøpling langs merka stiar. Statsforvaltaren meiner det ikkje er behov for tiltak utover å følgje med på tilstanden.
11	Arrangement	§ 3d, 4l, 4s	Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode. Det er unntak i verneforskrifta for gjennomføring av mindre arrangement som skikarusell, lokale orienteringsløp og liknande i samsvar med forvaltningsplan. Det kan også gjevast løyve til oppsetting av nye turpostar. Lokale orienteringsløp vert arrangert av orienteringsgruppa i Kaupanger Idrettslag kvar veke frå etter påske til haustferien, nokre av dei går inn i naturreservatet. Tal deltakarar varierer frå 5 til 25. I tillegg vert det arrangert barnekarusell kvar torsdag i same tidsrom nær skule, dvs. utanfor naturreservatet. Desse mindre arrangementa har ikkje nemneverdig

			påverknad på naturverdiane, og statsforvaltaren meiner dei kan halde fram slik dei vert arrangerte no.
12	Framande artar	§ 4 r	Det er ønskeleg å fjerne framande artar i naturreservatet. Døme på slik artar er platanlønn og bergfuru og innplanta gran; treslag som ikkje høyrer heime naturleg her, men spreier seg m.a. ved at frø kjem inn utanfrå. Samstundes er det viktig at gran som har kome naturleg (og som har ei heilt anna form enn innplanta gran) inn i området ikkje vert felt. Desse grantrea har same form og truleg same historie som grantrea i Luster Vestre statsalmenning. Etter § 4 r) i verneforskrifta er ringbarking og felling av innplanta gran i samsvar med forvaltningsplan tillate. For at det ikkje skal skje på feil måte, skal det avklarast med Statens naturoppsyn (SNO) eller Statsforvaltaren i Vestland på førehand før gran og andre framande artar vert fjerna frå naturreservatet. Den same avklaringa med Statsforvaltaren må gjerast før eventuell ringbarking av innplanta gran.
13	Geocaching og liknande aktivitetar		Det er ikkje forbod mot geocaching og liknande dersom dei ikkje inneber varige inngrep i naturreservatet. Geocaching er ikkje registrert i området.

Tilleggsopplysninger

Forvaltning Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyresmakt for Breisete naturreservat. Det kan verte aktuelt å opprette eit felles rådgivande utval for Rodeholene naturreservat og Breisete naturreservat, men det har ikkje kome ønskje om dette under arbeidet med forvaltningsplanen.

Oppsyn

Statens naturoppsyn står for oppsynet i Breisete naturreservat. Statsforvaltaren meiner oppsynet fungerer godt.

Informasjon

Informasjonstavle vart hausten 2022 sett opp ved Budeiesvaet (der stien til Vassløysa tek av frå grusvegen til Breisetedammen), og der stien til Vardahei startar ved Dalaker.

Kunnskapsgrunnlag

Forfatter	År	Tittel	Utgiver	Kobling
Torbjørgh Bjelland	2017	Naturfaglige registreringer av skogarealer tilbudt for frivillig vern i 2016. Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Kap. Kaupanger Hovedgård 2	Rådgivende Biologer AS 2459	

og Linn Eilertsen				
A H Abaz, U. Hansen, S. M. G. Nyjordet, S. Tellnes, G. Gaarder	2022	NIN Basiskartlegging av fire verneområder i Vestland fylke 2021. Kap. 3.1 Breisete naturreservat	Miljøfaglig Utredning. MU-Rapport 2022-10	

Vedlegg

Filvedlegg

Type	Lagt til	Tema	Eksternt Opphav	Internt Opphav	Størrelse
	12.10.2022	Verneforskrift for Breisete naturreservat	Lovdata	Statsforvaltaren i Vestland	225 Kb
	12.10.2022	Foto frå Breisete naturreservat		Statsforvaltaren i Vestland	5063 Kb
	15.03.2023	Besøksstrategi for Breisete naturreservat		Statsforvaltaren i Vestland	155 Kb

Kartvedlegg

Type	Lagt til	Tema	Eksternt Opphav	Internt Opphav	Størrelse
	12.10.2022	Kart Breisete naturreservat		Statsforvaltaren i Vestland	135 Kb



Forskrift om vern av Breisete naturreservat i Sogndal kommune, Sogn og Fjordane fylke

Dato	FOR-2018-06-22-967
Ikrafttredelse	22.06.2018
Gjelder for	Sogndal kommune, Vestland
Hjemmel	LOV-2009-06-19-100-§34, LOV-2009-06-19-100-§37, LOV-2009-06-19-100-§62
Kunngjort	25.06.2018 kl. 16.20
Korttittel	Forskrift om vern av Breisete naturreservat i Sogndal

Heimel: Fastsett ved kgl.res. 22. juni 2018 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (formål)

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med sitt biologiske og geologiske mangfald, som representerer ein bestemt type natur i form av eit stort og lite rørt skogområde med eit stort mangfald av skogs- og vegetasjonstypar, der større delar har areal med urskogprega skog. Området inneheld mykje daud ved.

Målet er å ta vare på området i mest mogleg naturleg tilstand, med stadeigne artar og naturtypar, fugle- og dyreliv, og skogdynamikk styrt av naturlege prosessar.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet vedkjem følgjande gnr./bnr.: Sogndal kommune: 105/2.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 8003 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet juni 2018. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Sogndal kommune, hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjere noko som forringar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller deler av disse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig uroing. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av veger, drenering eller anna form for tørlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Beiting.
- b. Sanking av bær og matsopp.
- c. Bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller ved ein bringer med seg, på stader som er vist til i forvaltningsplan.
- d. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- e. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- f. Rydding av skotfelt ved jaktpostar slik at feltet er fri for vegetasjon.
- g. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- h. Utplassering av saltstein for husdyr og storvilt.
- i. Vedlikehald av eksisterande bygningar, gapahukar, jakttårn, stiar, turpostar, bruer og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet. Eksisterande vegar er avmerkt på vernekartet.
- j. Merking og rydding av eksisterande stiar og skiløyper i samsvar med forvaltningsplan.
- k. Oppsetting av telt i tråd med friluftsløva.
- l. Oppsetting av mellombelse orienteringspostar for turorientering.
- m. Rydding av stiar i samsvar med forvaltningsplan, for ferdsel og sanking av beitedyr.
- n. Vedlikehald av eksisterande damanlegg i Breisetevatnet med tilhøyrande bygning og anlegg for vassforsyninga til Sogndal.
- o. Uttak av vatn i Breisetevatnet til drikkevatt i Sogndal kommune som fører til variasjon i vasstanden.
- p. Vedlikehald av traktorveg i same standard som på vernetidspunktet inn til Vassløysa og til Vatnasete slik det går fram av vernekartet.
- q. Uttak av tre med diameter mindre enn 20 cm til bruk som ved på stølane Breiesete og Vassløysa i samsvar med forvaltningsplan.
- r. Ringbarking og felling av innplanta gran i samsvar med forvaltningsplan.
- s. Gjennomføring av mindre arrangement som skikarusell, lokale orientingsløp o.l. i samsvar med forvaltningsplan.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.

- b. Utanom eksisterande traktorveggar til stølane Vassløysa og Vatnasete som vist på vernekartet, er bruk av hest og kjerre, og riding forbode.
- c. Utanom traktorveggar og stiar vist på vernekartet er sykling forbode.

§ 6. (generelle unntak frå ferdselsreglane)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i forbindelse med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt motorferdsel på traktorveg til Vassløysa for tilsyn av beitedyr og utkøyring av saltstein og liknande i landbruksnæring.
- c. Naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor eller lett terrengkøyretøy på eksisterande traktorveggar vist på vernekartet.
- d. Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- e. Oppkøyring av skiløype på/langs røytrase frå Breiesetedammen fram til grensa for naturreservatet som vist på vernekartet, i samsvar med forvaltningsplan.
- f. Bruk av kløvhest i næringsverksemd og for uttak av felt vilt. Om mogleg skal ein følgje traktorveggar og stiar.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar – unntak det kan gjevast løyve til)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b. Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- c. Istandsetjing av bygningar, steinmurar, bruer og andre kulturminne etter samråd med kulturminnestyresmakta.
- d. Oppsetting av nye jakttårn dersom viltet (hjortedyr) endrar trekk.
- e. Gjennomføring av tiltak ved og i Breiesetevatnet og på demninga her og som er naudsynte for vassforsyninga i Sogndal.
- f. Tiltak som går utover vanleg vedlikehald på traktorvegane til Vassløysa og Vatnasete.
- g. Tilretteleggingstiltak på eksisterande stiar.
- h. Bruk av naturreservatet i miljøbasert reiseliv etter plan godkjend av forvaltningsstyresmakta.
- i. Naudsynt motorferdsel for transport av ved, material og utstyr til stølshus, hytter, gjerde til stølen Vassløysa. Løyve til motorferdsel kan gjevast for beltekøyretøy på snødekt mark og med traktor på traktorvegen til Vassløysa.
- j. Naudsynt motorferdsel for transport av ved, material og utstyr til stølshus, hytter, gjerde til stølen Vatnasete og til demning og vatningsanlegg på Vatnasete med beltekøyretøy på snødekt mark og med traktor og liknande køyretøy.
- k. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitet etter § 4 h, i, n, p, q, r og § 7 b, c, d, e, f, g og m.
- l. Naudsynt uttransport av elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnd i § 6 annet ledd c.
- m. Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- n. Merking av nye stiar og oppsetting av nye turpostar i samsvar med forvaltningsplan.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan iverksetje tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (forvaltningsplan)

Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (rådgivande utval)

Forvaltningsstyresmakta kan opprette eit rådgivande utval for forvaltninga av naturreservatet.

§ 12. (forvaltningsstyresmakt)


Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 13. (ikrafttreding)


Denne forskrifta trer i kraft straks.

Breisetete naturreservat

Vedlegg til godkjend forvaltningsplan 2023. Alle foto v/ Tom Dybwad



Utsikt mot Sognefjorden og
mørkskjegg (*Bryoria fuscescens*) på bjørketre



Gamal furugaddi i Breisete naturreservat




Gamal furugadd og naturleg gran




Fjellbjørkeskog i øvre del av naturreservatet



Bjørneskjeegg og blokkebær




Vardahei 895 moh mot Helebrandseggi
Langs den merkte stien til Vardahei




Breisetestølen og Breiseteddammen



P-plass Dalaker og naturreservatskilt ved stien til Vardahei



Informasjonstavle



Besøksstrategi for Breisete naturreservat

1. Innledning

Besøksstrategien skal leggje til rette for å gi besøkande ei god oppleving av naturen i naturreservatet på ein måte som også ivaretek verneverdiane.

1.1 Formål – ved behov

Breisete naturreservat har store naturverdiar og det er behov for informasjon og styring av ferdsla. Nokre stader i naturreservatet er lett tilgjengeleg.

1.2 Kort om rammeverk – ved behov

Rammene for besøksstrategien er naturmangfaldlova og verneforskrifta for området. Breisetevatnet og vegen inn til Breisetestølen er ikkje med i naturreservatet.

2. Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget er godt. Breisete naturreservat er eit skogsområde nesten opp til tregrensa som er særleg viktig for biologisk mangfald ved at det har mykje gamal skog. Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei. Her er gamle stiar og grusveggar å ferdast på som det ligg til rette å styre ferdsla til.

2.1 Sårbare naturverdiar

Den gamle skogen er først og fremst truga av framande artar som innplanta gran utanfor naturreservatet. Skogen er dominert av furuskog. Delar av skogen er av uvanleg høg alder, opp mot 400 år. Innimellom furuskogen er det innslag av blant anna bjørk og osp. Nokre stader er det gran som ikkje er planta, men som truleg har spreidd seg naturleg frå den naturlege granskogen i Luster Almenning naturreservat litt lenger aust. Skogen i Breisete naturreservat har eit urørt preg med gamle og daude tre, noko som er viktig for mange artar.

Området er bratt nokre stader. For å oppleve naturreservatet legg det best til rette for at folk ferdast på dei merkte stiane og grusvegane. Sjeldne planter som veks like ved desse ferdselsvegane kan vere truga av plukking, men vi vurderer dette som ei lita utfordring.

2.2 Reiselivet

Breisete naturreservat er lite kjend for reiselivet, men stølsområda Vassløysa og Breisete som ligg utanfor naturreservatet, er attraktive stader å besøke for dei som går tur i området. Området er mykje brukt som friluftslivområde, spesielt i helgane, og det gjeld året rundt. Store Haugmelen 1172 moh er eit attraktivt turmål, og ein går til vanleg forbi Vassløysa for å kome seg dit. Kaupangerhalvøya er vorte kjend som eit veldig bra område for terrengsykling, også nasjonalt. I Breisete naturreservat er terrengsykling tillate på grusvegane og dei merkte stiane vist på vernekartet, m.a. til Vardahei 895 moh. Ein må rekne med auka ferdsel i åra som kjem, også når det gjeld syklistar. Det er ein av grunnane til at det er viktig å få på plass informasjon og kanalisering av ferdsla. Det er ein opparbeidd P-plass på Dalaker som er i bruk året rundt, der grusvegen er stengd med bom. Tidlegare har det om vinteren vore parkering på ein vinterbrøyta P-plass på Goro om lag 100 meter høgdemeter høgare, noko som det ikkje har vore dei siste vintrane. Både parkeringsplassen på Dalaker og den tidlegare vinterbrøyta parkeringsplassen på Goro ligg utanfor naturreservatet.

2.3 Kven og kva

Informasjon og tilrettelegging vil vere positivt både for dei som bur i nærleiken og i Sogndal kommune, og for reiselivet og terrengsyklistar.

3. Mål

3.1 Mål med besøksforvaltning

Målet er å gi informasjon om naturverdiane i området, leggje til rette for ei god naturoppleving for dei besøkande, og gjere det så attraktivt at det er positivt for reiselivet i området.

3.2 Strategiske grep

Det er fleire attraktive turmål i og ved naturreservat: Vardahei, Vassløysa, Breisetevatnet og Breisetestølen peikar seg ut. I tillegg er Store Haugmelen 1169 eit attraktivt turmål. Ein må då gå gjennom naturreservatet til

Vassløysa og vidare mot toppen. Ferdsla bør styrast til desse turmåla, dvs. på stien til Vardahei, grusvegen forbi Goro til Breisetevatnet og til Breisetestølen, og på stien til Vassløysa.

Statsforvaltaren vil følgje med på om ferdsel (gåande og syklistar) medfører slitasje på stiane, og iverksette tiltak på stiane dersom det viser seg naudsynt.

Det er viktig å gi informasjon på Dalaker og ved Budeiesvaet (der stien til Vassløysa tek av frå grusvegen til Breisete). Informasjon skal også opplyse om at Breisetevatnet er drikkevatt for Sogndal kommune.


Oppsetting av informasjonstavler med plakat skjer etter avtale med grunneigar.


4. Tiltaksplan

Informasjonstavle vart sett opp hausten 2022 ved

- Der den merkte stien tek av til Vardahei 895 moh ved Dalaker frå grusvegen inn til Breisetedammen/Breisete
- ved Budeiesvaet der traktorløypa til Vassløysa og Vatnasete tek av frå grusvegen til Breisetedammen.

Tilrettelegging i naturreservatet at fleire stiar som er samanbundne i eit stinett, og er merkte. Dei heng også saman med stiar utanfor naturreservatet. Den tydelegaste stien i naturreservatet, som også er mest brukt, er frå P-plassen ved Dalaker til varden på Vardahei 895 (sjå vernekartet under).








Kartinformasjon

Map information

Breisete naturreservat 8003 dekar.
 The Breisete Nature Reserve covers 800.3 hectares (approx. 1,980 acres).

 **Grense for verneområde**
 Protected area Boundary

 **Tursti fottur**
 Hiking trail

 **Traktorvei**
 Forest track

Målestokk = 1 : 30 000
 Kartgrunnlag: N50 Kartverket

Statsforvaltaren i Vestland
 Grafisk produksjon og kart: arkeoplan.no

